



## Notat

Dato: 02.10.2018

Arkivsak: 2014/13889-112

Saksbehandlar: evavinj

---

Til: Fylkestrafikksikringsutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Orientering om rapporten "Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring på veg"

#### Bakgrunn

Statens vegvesen, politiet, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Trygg trafikk, fylkeskommunane og sju storbykommunar har utarbeidd tiltaksplanen «*Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021*». I tillegg har ei rekke andre aktørar gitt innspel til planen. I arbeidet har mellom anna Arbeidstilsynet, Kriminalomsorgen og ei rekke ulike interesseorganisasjonar forplikta seg til å gjennomføre tiltak.

Dette er femte gong det utarbeidast en fireårleg plan for trafikksikringsarbeidet i Noreg. I tiltaksplanen for 2018-2021 er det lista opp totalt 136 ulike tiltak, som vil bli fulgt opp gjennom planperioden.

På Hordaland fylkeskommune sin Trafikksikringskonferanse 2018 vil rapporten vere eit sentralt tema.

#### Om rapporten

Fyrste del av tiltaksplanen omhandler mål for trafikksikringsarbeidet, hovudtrekk i ulukkeutviklinga, oversikt over kjelder til relevant kunnskap og ei oppsummering av relevante politiske føringar. Andre del viser kva for nokre trafikksikringstiltak dei ulike aktørane skal gjennomføre i planperioden.

Det er valt ut 13 ulike innsatsområder, som vil bli via særleg merksemd i planperioden. Det gjeld

- Fart
- Rus
- Belte i bil og buss og sikring av barn
- Barn
- Ungdom og unge førarar
- Eldre trafikantar og trafikantar med funksjonsnedsettingar
- Gåande og syklande
- Motorsykkel og moped
- Transport med tunge kjøretøy
- Møteulykker og utforkjøringsulykker
- Tilrettelegging for effektiv datautveksling mellom kjøretøy og infrastruktur og for automatiserte kjøretøy
- Kjøretøyteknologi
- Trafikksikringsarbeid i fylkeskommunar og kommunar

Innfor kvart innsatsområde er det satt mål for tilstandsutviklinga. Tiltaksplanen vil bli følgt opp med årleg rapportering til Samferdselsdepartementet. I rapporteringa inngår årlege rapporter som mellom anna viser korleis vi legg an til å nå etappemålet i NTP og tilstandsmåla i tiltaksplanen. Kvart anna år vil det bli utarbeidd ein meir detaljert rapport som viser korleis vi legg an i gjennomføringa av dei 136 oppfølgingstiltaka. Desse rapportane vil gi departementet eit grunnlag for å vurdere behovet for å korrigere kursen i trafikksikringsarbeidet undervegs i planperioden.

### **Oppfølging**

Fylkesrådmannen har ansvar for investeringar, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. I tillegg har fylkeskommunane eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikksikkerheita i fylket.